



## Høyringsvar frå Hjarthdal kommune - inntektssystemet

Saksnr	Utvalg	Møtedato
57/2022	Formannskapet	05.12.2022

### Vedtak i Formannskapet – 05.12.2022:

- Hjarthdal kommune støttar endringar innafor eksisterande element som er en del av inntektssystemet i dag
- Hjarthdal kommune støttar ikkje at inntekter frå naturressursar skal inngå i inntektsutjamninga mellom kommunar, og støttar difor høyringsvar frå Naturressurskommunane
  - Hjarthdal kommune støttar ikkje utvalets anbefaling om å IKKJE ta omsyn til gjesteinnbyggjarar i inntektssystemet. Gjesteinnbyggjarar krev i større og større grad at kommunen må rigge eit tenestenivå dimensjonert langt over kva ein måtte utan gjesteinnbyggjarar. Dette bør gjenspeilast i eit framtidsretta inntektssystem. Kommunar med eit betydeleg innslag av gjesteinnbyggjarar må få kompensert for delar av dette gjennom inntektssystemet.

### Handsaming i Formannskapet – 05.12.2022:

Ordfører orienterte, og kom med forslag til tilleggspunkt:

*«Hjarthdal kommune støttar ikkje utvalets anbefaling om å IKKJE ta omsyn til gjesteinnbyggjarar i inntektssystemet. Gjesteinnbyggjarar krev i større og større grad at kommunen må rigge eit tenestenivå dimensjonert langt over kva ein måtte utan gjesteinnbyggjarar. Dette bør gjenspeilast i eit framtidsretta inntektssystem. Kommunar med eit betydeleg innslag av gjesteinnbyggjarar må få kompensert for delar av dette gjennom inntektssystemet.»*

Votering: Saka blei einstemmig vedtatt med tilleggspunkt frå ordfører.



## Kommunedirektøren si innstilling:

- Hjartdal kommune støttar endringar innafor eksisterande element som er en del av inntektssystemet i dag
- Hjartdal kommune støttar ikkje at inntekter frå naturressursar skal inngå i inntektsutjamninga mellom kommunar, og støttar difor høyringsvar frå Naturressurskommunane

## Samandrag:

Evt. endringar i inntektssystemet endrar kun på fordeling mellom kommunar, ikkje på ramma kommunane får til disposisjon. Det er grunnleggande viktig at kommunen kan gje likeverdige tenester til sine innbyggerar, uavhengig hvilken kommune ein bur i.

Det tydelegast grepet i forslaget er at inntekter fra vasskraft, havbruksfond og eigedomsskatt på kraft- og petroleumsanlegg nå skal inngå i utjevning av inntekter mellom kommunar.

Gjesteinnbyggerar er vurdert, men utvalet har ikkje foreslått endringar på dette.

Effekten av forslaga frå utvalet i «stort», gjer meir inntekter til større kommunar i sentrale strøk, og lågare inntekter til mindre kommunar i distrikta.

Hjartdal kommune gjer følgande høyringsuttale:

- Hjartdal kommune støtter endringar innafor eksisterande element som er en del av inntektssystemet i dag
- Hjartdal kommune støttar ikkje at inntekter frå naturressursar skal inngå i inntektsutjamninga mellom kommunar

Utvalet sine forslag til endringar innafor eksisterande element i inntektssystemet synast godt fagleg begrunna og faktabasert.

Utvalet sine forslag til å ta inn naturressursinntekter (konesjonskraft, eigedomsskatt på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglene for petroleum, samt havbruksfondet) som ein del av inntektsutjamninga mellom kommunar, utfordrar grunnleggande element i det økonomiske forholdet mellom stat og kommune. Endringa vil ha direkte påverknad i vår største samfunnutfordring, det grønne skiftet og sentraliseringsbølga. I tillegg er dette eit brot på ein hundreårig samfunnskontrakt mellom staten, vasskraft-aksjonærar og dei berørte kommunane, at ein likestiller vasskraftkommunars vederlag for å avstå naturressursar til storsamfunnet, med kommunen sine personinntekter.

Det foreslås ikkje noko tilsvarande utjevning av eigarkommunane sine inntekter frå dei same energianlegga.

## Saksopplysninger:

Inntektssystemutvalet har på oppdrag gjort ei utreiing om inntektssystemet for kommunane, utvalet meiner at dagen inntektssystem fungerer godt, at innteks- og utgiftsutjamninga bidreg til å redusere inntektsforskjellane mellom kommunane, og

kompenserer kommunane for kostnadsforskjellar som den enkelte kommune ikkje sjølv kan påverke sjølv.

Utvalet kjem med forslag på noko endringar, blant anna knytta til kommunen sine skatteinntekter, regionalpolitiske tilskott og utjamning av kostnadsforskjellar mellom kommunane. Kommunane har høyringsfrist 22. desember.

## **Vurdering:**

Utvalet har i sitt arbeid vurdert kva omsyn som bør vektleggast i utforming av inntektssystemet. To omsyn har etter utvalets vurdering særleg stor betydning. For det fyrste skal inntektssystemet bidra til at kommunane kan tilby likeverdige tenester til sine innbyggjarar. På den andre sida tilseier omsynet til det lokale sjølvstyre at kommunanes inntekter har ein lokal forankring. Det betyr at den enkelte kommune må få behalde ein del av sine lokale inntekter. Omsynet til eit likeverdig tenestetilbod og lokalt forankra inntekter kan dermed kome i konflikt, og dei må balanserast mot kvarandre i utforminga av inntektssystemet.

## **Utvalet sine anbefalingar og forslag:**

### Skatt og inntektsutjamning:

Skatteinntekter utgjer over halvparten av kommunanes frie inntekter, og er skeivt fordelt mellom kommunane. For å utjamne desse inntektsforskjellane er det i dag ein delvis utjamning av skatteinntekter mellom kommunane. Etter utvalet sin vurdering fungerer dagens inntektsutjamning godt og gjer ei betydeleg omfordeling mellom kommunane. Utvalet meiner at skatteinntekter framleis bør utgjere ein betydeleg del av kommunanes inntekter, men at det bør gjerast nokon endringar i skatteelementa for å oppnå en jamnare fordeling og et meir stabilt skattegrunnlag.

Anbefalast vidareført:

- Skatteandelen: Skatteinntekter bør framleis utgjere 40 pst. Av kommunanes samla inntekter.
- Inntektsutjamninga: 60 pst. symmetrisk utjamning + tilleggskompensasjon

Kommunane har i dag blant anna inntekter frå formuesskatt og utbytteskatt, som begge er inntekter som i tillegg til å være ujamt fordelt også kan variere mykje frå eit år til det neste. Utvalet meiner at formuesskattens del av kommunens inntekter bør reduserast.

Anbefaling:

- Formuesskatt:
  - Halvering av kommunanes del av formuesskatten
  - Erstattast av inntektsskatt
- Skatt på utbytte:
  - Bør ikkje, eller i mindre grad, inngå som en del av kommunanes inntektsskatt

Mange kommunar har i dag høge inntekter frå vasskraft, havbruksfond og eigedomsskatt frå kraft- og petroleumsanlegg. Desse inntektene, som ikkje er ein del av dagens inntektsutjamning, aukar forskjellane mellom kommunane, og utfordrar kommunanes moglegheiter til å tilby likeverdige tenester. Utvalet meiner at fleire av inntektsartane på sida av inntektssystemet bør omfattast av ein moderat utjamning mellom kommunane. Utvalet meiner at mottakarkommunane framleis skal sitte igjen med ein betydeleg del av desse inntektene, men at omsynet til likeverdige tenester tilseier at delar av inntektene bør kome alle kommunar til gode.

#### Anbefaling:

- Inntekter utanfor dagens utjamning
  - Moderat utjamning (10 pst.) av kommunanes inntekter frå konsesjonskraft, havbruksfondet og eigedomsskatt på kraftanlegg mv.
  - Kommunane skal framleis sitte igjen med betydeleg del

Utvalet blei i eit tilleggsmandat beden om å vurdere om dagens system for inntektsutjamning er foreinleg med kommunanes moglegheit til å sette skattesatsar på inntekts- og formuesskatten som er lågare enn maksimalsatsen. Utvalet meiner primært at skattesatsane for skatt på inntekt og formue bør være faste satsar, og at kommunane ikkje bør ha moglegheit til å endre disse. Utvalet meiner imidlertid at kommunane bør ha reelle moglegheiter til å påverke eigne inntekter, og at dette kan ivareta ved å auke kommunanes beskatningsfrihet innanfor eigedomsskatten. Dersom kommunane framleis skal ha moglegheiter til å sette ulike skattesatsar for inntekts- og formuesskatten, må det sørgast for at kommunar som setter satsen ned ikkje får kompensasjon for dette gjennom inntektsutjamninga. Utvalet meiner ein slik kompensasjon er urimeleg og peiker på korleis systemet kan endrast for å avskjere denne moglegheita.


#### Utgiftsutjamning:

Det er store forskjellar mellom kommunane blant anna i kommunestorleik, busettingsmønster, befolkningssamansetning og sosioøkonomiske forhold. Dette gjer at innbyggjarar i ulike kommunar har behov for og etterspør ulike tenester, og kommunanes kostnader ved å tilby tenester varierer. Målet med utgiftsutjamninga er å utjamne ufrivillige variasjonar i utgiftsbehov og kostnader mellom kommunane

Utvalet anbefalar at hovudprinsippa bør vidareførast:

- full utjamning
- ufrivillige kostnadsforskjeller

For at utgiftsutjamninga skal være mest mogleg treffsikker, må kriteria og vektinga oppdaterast jamleg. Utvalet har føretatt ein gjennomgang av alle delkostnadsnøklane i utgiftsutjamninga, og foreslår endringar i kriteria og vekting i tråd med oppdaterte analysar av variasjonane i kommunens utgifter.



#### Nokre anbefalingar:

- Levekår og sosioøkonomiske forhold: Nytt kriterium rus og psykisk helse
- Barnehage: yrkesaktivitet i staden for utdanningsnivå

- Pleie og omsorg: kriteriet tal på personer med psykisk utviklingshemming
- Spreidd busettingsmønster og kommunestørrelse: auka betydning
- Kompensasjon for smådriftsulemper: ufrivillige kostnadsforskjeller endre innretning jf. dagens modell
- Utfordringar analysegrunnlag oppdatering av analyser

#### Regionalpolitiske tilskot:

Etter utvalets vurdering er dei viktigaste regionalpolitiske verkemidla i inntektssystemet inntektsutjamning og utgiftsutjamning. I lys av dette bør mest mogleg av rammetilskotet fordelast etter dei faste kriteria i inntektssystemet. Også ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift har stor betydning for enkeltkommunar, sjølv om den ligger utanfor inntektssystemet og i hovudsak er grunna med omsyn til næringsutvikling i distrikta.

I tillegg til dess ordningane er det i dag fleire ulike regionalpolitiske tilskot innanfor inntektssystemet. Utvalet er i mandatet bedt om å vurdere behovet for denne type tilskot, og kva formål dei bør ivareta. Utvalet meiner at det framleis er behov for nokre regionalpolitiske tilskot i inntektssystemet, blant anna for å sette kommunar med store distriktsutfordringar i stand til å tilby likeverdige tenester til sine innbyggjarar.

<b>Tilskudd</b>	<b>Sum tilskudd 2022 (1000 kr)</b>
<b>Distriktstilskudd Sør-Norge</b>	808 128
<b>Distriktstilskudd Nord-Norge</b>	2 253 346
<b>Regionsenter- tilskudd</b>	203 375
<b>Veksttilskudd</b>	145 756
<b>Storbytilskudd</b>	608 665
<b>Sum regionalpolitiske tilskudd</b>	4 019 270

Utvalet meiner det framleis er behov for nokre regionalpolitiske tilskot

- Omfanget bør reduserast
- I større grad målrettast mot kommunar med særskilte utfordringar
- Inntektsgrense: også ta omsyn til ekstraintekter

Utvalets forslag:

Distriktstilskot Sør Norge og Distriktstilskot Nord Norge

- Til kommunar med distriktsutfordringar - ny distriktsindeks
- Til kommunar med befolkningsnedgang
- Til små kommunar

Storbytilskot

- til landsdelssenter (Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger og Kristiansand)

Anbefalast avvikla:

- Regionsentertilskot

- Veksttilskot

Andre anbefalingar og forslag:

- Overgangsordning (Inntektsgarantiordninga anbefalast vidareført)
- Gjesteinnbyggjarar (Hyttekommunar)
- Tilskot per grunnskole - fjernast
- Toppfinansieringsordning for ressurskrevjande brukarar

### **Utvalet sine forslag, konsekvensar for Hjartdal kommune:**

#### Skatt og inntektsutjamning:

Endringane på formues- og utbytteskatt får små utslag for Hjartdal, men ville for 2021 slått ut positivt med auka inntekter på kr. 36 tusen.

Effekten av omfordeling av kraftrelaterte inntekter ville for 2021 medført eit tap av inntekter på kr. 1,1 millionar.

#### Utgiftsutjamning:

Konsekvensen for forelåtte endringar i utgiftsutjamninga er for Hjartdal ei auke i inntektene med kr. 1,3 millionar for 2021.

#### Regionalpolitiske tilskot:

Hjartdal vil behalde sitt Distriktstilskot Sør-Noreg og med endra distriktsindeks vil tilskotet auke med kr. 1,7 millionar.

Samla sett ville endringane som er foreslått, inklusiv inntektsgarantiordninga og fjerning av tilskot til grunnskule, gjett Hjartdal auka inntekter med kr. 1,8 millionar for 2021.

### **Konklusjon:**

Visar til innstilling i saka og vedlegg.